



Statens vegvesen

Terje J Ledahl AS
Nordnesveien 21
5005 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
17/83050-7

Dykkar referanse:

Vår dato:
18.09.2017


Uttale – Oppstart – Manger sentrum del B4 – Fv. 409 – Gnr. 45 bnr. 84 – Radøy kommune

Statens vegvesen syner til brev mottatt 28.08.2017. Frist for merknader er 18.09.2017.

Statens vegvesen har ansvar for å sjå etter at føringane i Nasjonal transportplan (NTP), statelege planretningsline for samordna bustad-, areal og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Vi uttalar oss som forvaltar av fylkesveg på vegner av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar på transportområdet.

Kva saka gjeld:

Det er meldt oppstart av planarbeid for *Manger sentrum del B4*. Planområdet er opplyst å vere om lag 4 daa og ligg nord for fv. 409 sentralt i Manger sentrum. Det meste av planområdet er i dag regulert til framtidig bustad jf. *Manger sentrum* (2008).



Reguleringsplan for Manger sentrum (2008) t.v og kart vedlagt oppstartsmelding t.h.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Generelt:

Statens vegvesen bed generelt om at følgjande tema blir tekne omsyn til i reguleringsplanprosessar:

- Plassering og utforming av naudsynte tiltak knytt til riksveg / fylkesveg (kryss, avkøyrslar, busslommer, tilbod til mjuke trafikantar m.m.).
- Tilhøva for mjuke trafikantar mellom varsla planområde og nærliggjande målpunkt (t.d. busshaldeplassar, skule m.m).
- Byggjegranser til riksveg / fylkesveg.
- Vegtrafikkstøy
- Tekniske teikningar i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker.
- Universell utforming.

Statens vegvesen har følgjande konkrete innspel til arbeidet med reguleringsplanen:

Vi har tidlegare vore kontakta av tiltakshavar med føremål å avklare plangrense for reguleringsplanen før det vart varsla oppstart av planarbeid. Vi vart synt eit framlegg til plangrense som mellom anna omfatta rundkøyning og kollektivterminal slik det er vist i plan for *Manger sentrum (2008)*. Slik vi oppfatta tiltakshavar var semje med kommunen om å omregulere og fjerne desse tiltaka frå plan. Vårt svar til dette var at rundkøyning og kollektivterminal var del av den samla løysinga for infrastrukturen i Manger sentrum. Dersom ein ynskjer å endre planføremål her meiner vi det må ei politisk avklaring til i kommunen.

Vi har og mottatt e-post 12.06.2017 frå kommunen som gjev ei oppklaring på at det frå kommunen si side var tale om ei initiell avklaring med SVV då mellom anna infrastruktur ville vere viktige plantema. SVV er samd i denne vurderinga. Infrastrukturen ikkje er bygd i samsvar med reguleringsplan for *Manger sentrum*, og vi ser at det vidare planarbeidet må avklare korleis ein skal forholde seg til allereie godkjente og tilgrensande planar.

Trafikk og trafikktryggleik:

Planområdet ligg sentralt i Manger sentrum. Vi vil i det vidare planarbeidet ha fokus på trafikktryggleiken langs fv. 409, ved avkøyrslar / kryss til offentleg veg, og tilhøva for mjuke trafikantar til relevante målpunkt som skule og barnehage.

Det må utarbeidast ei trafikkanalyse som skildrar dagens trafikksituasjon i området. Ein må og vise forholdet til dei eksisterande planane i området, særleg i høve til plan for *Manger sentrum*. Det vidare planarbeidet må syne korleis planen skal tilpasse seg til eksisterande planar, og korleis ein skal koplast på veganlegget når rundkøyning til fv. 409 vert realisert.

Planavgrensing:

Slik vi tolkar oppstartsvarslet omfattar ikkje planområdet avkøyrslar til offentleg veg. Dette er uheldig og kan komplisere det vidare planarbeidet.

Framlegget vi først fekk til uttale synte ein tilkomstveg over krysset til Rema 1000. Det ser ut til at denne tilkomsten er tatt ut av planframlegget, og at ein no vurderer å nytte avkøyrslar som er regulert i reguleringsplan for *Hesthaugen (2005)*. Denne avkøyrslar er regulert om i plan for *Manger sentrum*.

Rekkefølgekrav:

Basert på omfanget av utbygging vil vi vurdere om det skal stillast krav om rekkjefølgekrav for veg- og trafikktryggingstiltak.

Avkøyrsløse:

Planområdet ligg i tilknytning til fylkesveg 409. Det er regulert avkøyring til denne tomte via ei planlagt rundkøyring. Det er uvisst når vegen vert utbetra og ny rundkøyring vert etablert.

Slik vi tolkar oppstartsvarslet omfattar ikkje planområdet avkøyrsløse til offentleg veg. Ein må sørge for at planen heimlar slik tilkomst. Dersom dette ikkje er tilfellet må søknad om avkøyrsløse behandlast etter veglova § 40, 2 ledd. Det vil i så fall vere eit krav at avkøyrsløse er bygd i samsvar med Handbok N100.

Byggjeregrensing:

Byggjeregrensing i planen kjem fram av reguleringsplan for *Manger sentrum* (2008). Det kan sjå ut til at det er regulert ei byggjeregrensing på 15 meter. Slik vi ser det vil det vere behov for meir areal i anleggsfasen når rundkøyringa vert etablert, og det vidare planarbeidet må ta høgde for dette.

Støyanalyse:

Deler av planområdet ligg i gul støysone jf. Statens vegvesen sine støyvarslingskart. Vi gjer merksam på at dersom det vert planlagt nye bustader i gul støysone, skal kommune krevje at det vert utarbeida ei støyfagleg utgreiing saman med planframlegget, jamfør retningslina for handsaming av støy i arealplanlegging (T-1442/2012). Vi gjer særleg merksam på støyretningslina sine krav knytt til støy nivå på uteopphaldsareal og på fasade (stille side).

Oppsummert:

Statens vegvesen ber om at det vert lagt til rette for ein vidare dialog i planarbeidet slik at ein får drøfta aktuelle løysingar for infrastruktur.

Vi ser i dette tilfellet at avkøyrsløse frå offentleg veg vil vere ein vesentleg utfordring i planarbeidet, både i høve til dagens situasjon og framtidig realisering av infrastruktur i samsvar med reguleringsplan for *Manger sentrum*. Det vidare planarbeidet må avklare om denne tomte kan byggjast ut før rundkøyring er realisert.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonsleiar

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN

Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN

Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER